



Vindafjord  
Arbeiderparti



Listekandidatane våre  
**Wenche Sandbekken Lilleland og Øyvind Valen**

**PROGRAM 2023-27**

# Fridom Likskap Solidaritet

Vindafjord Arbeidarparti bygger vår politikk på verdiane **fridom, likskap og solidaritet**. Dette er grunnverdiane i sosialdemokratiet.

Vår visjon er eit **rettferdig samfunn** utan fattigdom og ufred, der innbyggjarane er frie, likestilte og har **påverknad** på sine eigne liv. Dette gjeld både for barn, arbeidsføre, uføre, sjuke og eldre.

Kvar av oss skal ha muligkeit til å leva gode liv i **små og store fellesskap**.

Vindafjord er ein god kommune å leva i, og slik ynskjer me også at det skal vera i framtida. Dette gjeld uavhengig av kvar i kommunen ein bur.



## Eit sterkt lag!

Vindafjord AP stiller med et sterkt lag til kommunevalet 2023.

**Bak frå venstre:** Arnfinn Øverland, Ottar Krakk, Reidar Håvås, Anne Kristine Andersen, Øyvind Vestbø, Svein Ivar Langhelle. **I midten frå venstre:** Øyvind Valen, Wenche Sandbekken Lilleland, Hanne Stine Vannes og Erik Hjelm Fjeldheim. **Foran:** Solvår Langeland. I tillegg stiller Geir Krokå, Jarle Frøland og Oddgeir Andersen på lista vår.



Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Arbeida for gode offentlege tenester til innbyggjarane.
- Sørga for at vedtaka som blir gjort sikrar ein god og trygg kommune-økonomi framover.
- Sikra at det er godt samspel mellom politikk, administrativ kommuneleiing og dei tillitsvalde.

## **Ein attraktiv kommune å flytta til**

*Kommunen har i dag større innpendling til arbeidsplassar enn utpendling.  
Kommunen må gjerast attraktiv for dei mange som pendlar inn til kommunen.*

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Kommunen skal ha ansvaret for den kommunale bustadpolitikken. Tomteselskapet sine oppgåver bør revurderast.
- Det skal satsast sterkt på startlån, slik at fleire som elles har vanskar med å skaffa seg eigen bustad, ved hjelp av dette kan skaffa seg sin eigen stad å bu.
- Det skal vera tilgjengeleg tomter i alle bygder, og i alle felt må det vera sett av tomter til småhusbygg.
- Kommunale tomter som har ligge for sal i mange år, kan seljast til redusert pris.
- I kommunen bør det øyremerkast ei stilling som kan nyttast til service og hjelp for nytiflytta. Det skal gjevast informasjon og hjelp om startlån, ledige tomter, ledige bustader, med meir.
- Kommunen skal arbeida for god mobildekning i heile kommunen, og alle husstandar skal ha tilgang til eit godt breiband.

## **Ein god kommune å veksa opp i**

Ved sida av heimane er barnehagane og skulane dei viktigaste stadane i barna si oppvekst. Det skal vera god kvalitet i barnehagane og skulane i kommunen. I tillegg skal den frivillige sektoren som arbeider for barn og unge ha gode rammevilkår.

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Barn i kommunen skal få rett hjelp til rett tid.
- Ved søskenmoderasjon skal barnehage og SFO sjåast samla, moderasjon skal gjevest på det samla tal barn familien har i barnehage og SFO.
- Betaling i barnehage og SFO skal reduserast kraftig frå tredje barn, om mogleg takast heilt bort.
- Skulane skal oppgraderast, og ein plan med langsiktig prioritering må vedtakast.
- Arbeida for at Ølen VGS blir styrka, samt motivera ungdom til å söka på denne skulen.
- Det skal arbeidast for å få på plass SLT-koordinator i kommunen, aleine eller saman med ein annan kommune.
- Sikra eit framleis fagleg sterkt barnevern.
- Det skal tilsettast communal psykolog, aleine eller saman med ein annan kommune.

## **Ein god kommune når du treng omsorg**

Den eldre delen av befolkninga vil auka i åra som kjem. Dette vil setja krav til den kommunale prioriteringa. Andre grupper enn eldre vil også ha behov for ulike kommunale omsorgstiltak.

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Foreslå at kommunen set i gong eit grundig arbeid for å planlegga korleis eldreomsorga skal vera dei neste tiåra. Omsorgsbustader, trygdebustader, heimesjukepleie, sjukeheimar, dagsenter, med meir, må vurderast i dette arbeidet.
- Prispolitikken på utleigebustadene skal gjennomgåast.



## **Ein god kommune å driva næring i**

Vindafjord kommune har mange flotte bedrifter. Desse må sikrast gode rammevilkår. Samtidig har kommunen ei rolle i å legga til rette for nye bedrifter og nye næringar.

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Området på Dommersnes må vidareutviklast og marknadsførast. Kaien skal også i framtida vera communal, og inntil bedrifter kjøper areal skal området vera i communal eige.
- I kommuneplanen skal det setjast av område til næringsutvikling i Skjold, og kommunen bør ta initiativ til å kjøpa området.
- Det er trøng for straumtilførsel for å få til det grøne skiftet. Kommunen må difor vera pådrivar for at det er nok kapasitet i straumnettet.

## **Ein god kommune å vera tilsett i**

*Det er dei tilsette i kommunen som er viktigast for at kommunen skal nå sine mål og for at innbyggjarane skal få gode tenester.*

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Kommunen sine eigne tilsette skal ha kompetanse til å gjera flest mogleg av dei kommunale tenestene.
- Dei kommunale tenestene skal utførast av kommunen. Private oppgåver skal ikkje aukast på bekostning av dei som blir utført av kommunen.
- Arbeidet for at flest mogleg av dei tilsette skal ha faste – og heile – stillingar skal fortsetja.
- Kommunen skal vera ein stor og god arbeidsplass for lærlingar.
- Kommunen vil prioritera gode ordningar for eigne tilsette som vil oppgradera kompetansen sin.

## **Påverknad av andre**

*Det er saker som andre enn kommunen har ansvar for, men som ordførar og lokalparti må arbeida for å få til.*

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Arbeida aktivt for at Solheim-Bakka får oppstart.
- Arbeida for at Sandeid fengsel blir oppretthalde.
- Arbeida for at politidekninga i kommunen minst er på nivået det er i dag, men helst blir betre.
- Halda god kontakt med fylkeskommunen for at fylkesvegnettet skal få ei oppgradering.

## **Ein god kommune å bu i**

*Livskvalitet består av både det me gjer på jobb og fritid. I noko av dette kan kommunen og ha ei rolle.*

Vindafjord Arbeiderparti vil:

- Vegvedlikehaldet i kommunen skal prioriterast høgare.
- Sikra fortsatt minst like gode ordningar for friviljug idretts- og foreningsliv.
- Stimulera til merking og utbygging av stiar og turvegar.
- Arbeida for at flest mogleg av innbyggjarane blir tilknytta offentleg vann og avløp
- Arbeida for offentleg tilgjengelege badeplassar og båtutsettingsramper.





*Hugs å bruke **stemmeretten**.  
Di stemme **betyr noko!***

# **Vindafjord Arbeiderparti**

## **si liste til valet 2023:**

- 1. Wenche Sandbekken Lilleland, 1959, Vikedal**
- 2. Øyvind Valen, 1958, Vikebygd**
3. Hanne Stine Vannes, 1976, Øvre Vats
4. Geir Krokå, 1963, Ølen
5. Jarle Frøland, 1990, Nedre Vats
6. Solvår Langeland, 1985, Skjold
7. Øyvind Vestbø, 1946, Sandeid
8. Anne Kristine Andersen, 1957, Skjold
9. Arnfinn Øverland, 1960, Ølen
10. Oddgeir Andersen, 1981, Ølen
11. Reidar Håvås, 1951, Skjold
12. Svein Ivar Langhelle, 1948, Skjold
13. Ottar Krakk, 1968, Skjold
14. Erik Hjelm Fjeldheim, 2003, Skjold



**Vindafjord  
Arbeiderparti**